1

Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hareid

Emne: Død og gravferd.

Bygdelag: Nedre Hareidsdalen

Oppskr. av: Ludv. K. Holstad.

Gard: Holstad

(adresse): Hareid

G.nr. 46 Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, og etter det andre gamle folk fortel.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Spr. 1. Dødsvarsler.

Som barn høyrde eg om berre eit dødsvarsel som eg kan huga, og det var Bergulen (Bergugla).

Når den fuglen sette seg på eit hustak og skreik, då var døden viss anten: same huset eller ein annan stad: grannelaget.

Og dette var eit varsel som kunne visa seg når som helst. Men denne fuglen var, so vidt eg skynar, mest ute og synte seg om kvelden eller natta i mørker.

Eg huger ein kveld, eg kunne vel vera so ei 6-7 år gamal, då kom han far inn i stova og fortalde at no sat der ein Bergul på taket vårt.

Nokre dagar etter døydde ein gamal nåbomann på ein av granngardane. Det var klårt for dei gamle, at Bergulen som synte seg var eit varsel.

Spr. 2. Kan ingi svara noko sikkert på dette, men eg undrast på om ingi ei gravferd, eller når dei

supplering på ark 25 !

13184

la dei døde i kista var gode hender å ta varaf.

Eg høyrer ofte eit slikt tilfelle. Det var ein gamal granne (65 år) som var (1930) død, og vi var der nokre og hjelpte til å legge han i kista. Når vi då lyfte liket opp viste det seg at det var nokså mjukt, og sette inkje av stivt som vanleg med lika. Den gamle kona åt den døde var der og. Då sa ho desse orda: „Åja, det vesle ål og min stakar som då skal vera den neste". Ho levde lenge etter dette og vart mykje over 90 år gamal. (Fødd kring 1845.)

Den gongen dette hende, (at ho sa desse orda), var eg kring 50 år gamal, og eg hadde inkje høyrt at eit mjukt lik skulle vera nokon dødsvarsel.

Spr. 3-4. Nei, eg har inkje høyrt om folk med vers evner i denne leid, eller at dei nokonting prøvde seg fram for å finne ut kven som skulle døy.

Spr. 5. Ordet „Feigdaløs" har eg høyrt nemnt, helst om ein person som var redd og lite modig av seg.

Men inkje har eg høyrt at dei skulle vise seg på folk som låg for døden. Det kjenner eg inkje til.

Spm. 6. Jau, eg trur eg har høyrt noko om „helhunger" eller at nokon som ligg for døden kan eta med serleg hyat nokre timar før døden kjem. Men noko sikkert prov for dette kan eg inkje gi.

~~Spm. 7.~~ Ordet „malogråder" eller „malogråden" er inkje kjendt.

13184

Spm. 7-8-9. Nei, vi kjenner inkje noko til desse skikkane, og har dei vore levande og i bruk noko tid, so er det gløymt og ute av bruk for lenge sidan. Eg har iallfall inkje funne nokon som kjenner noko slikt no.

Spm. 10-11. Ja, før var det vanleg skikk å sende bod på presten når nokon var alvorleg sjuk, serleg vanlegt når det var gamle folk.

Det var ei gamal skikk å sende bod på presten og då skulle dei ha nattverden. Men i seinare tid slakna det meir og meir av med dette, og no er det vel heilt slutt.

Ein gamal mann (75 år) fortalde dette: Eg var vel so i 14-15 års alderen, då stod eg ein dag ute med vegen, og då kom ein av grannane våre køyrande forbi. „Kvar du no er tenkte deg" var det nokon som spurde. Å, eg skal berre avstad og hente heim presten åt henne mor, for å slekkje attelitet. Mora låg for døden. Men dei henta presten berre for å slekkje attelitet. (Kring 1900.)

Korleis dei dela ut nattverden i heimane veit eg inkje. Trur knapt at nokon som no lever har sett det.

Men eg har høyrt at presten kler seg i samarien. Som han spør etter kristendomskunnskap trur eg inkje. Det gjorde han vel før. Eg kan inkje tru anna enn at det går for seg på lag som i kyrkja med bøn og song og utdeling av brød og vin.

Men som sagt, det er for det meste avlagt no.

Eingong i 1880 åra henta dei

13184

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING


~~Spm~~ presten åt ein gamal mann inne på ein gard her i Haram som heitte Ulset. Mannen heitte Sakse Ulset og låg for døden kring 80 år gamal. ~~Dette var~~ Han var fødd kring 1800. Sjøl= sagt fekk han også nattverden.

Etterpå ville husfolket vita med han om han hadde hatt noko hjelpa av presten og nattverden. „Å nei", svara gam= lingen, „det ligg no på same nagla".

Akkurat same svaret gav ein gamal mann 40–50 år seinare (kring 1930). Han hadde presten tett før han døydde. Fekk du noko trøyst og hjelp av det, spurde husfolket. Å nei, det ligg no på same nagla var svaret.

Den gamle skikken med å henta presten vart berre til noko ein gjorde „for å styrkja attilitet".

Spm. 12. Nei, inkje utan nokon av borna eller slekta, som ikkje var tilstades, og som den døyande gjerne ville sjå før han andast.

Spm. 13. Ja, ofte var det slik at den som låg for døden sa fyre korleis gravferda skulle vera. Dette har vara heilt til vår tid. Men berre med somme, ikkje alle.

Spm. 14. Ordet „Andast" vart mykje brukt i gamal tid her i bygda. Likeeins orda „Flytta", Slokna og Fara av, Fara, eller tarna for seg? Men mest er vel ordet „Flytta" brukt i seinare tid.

Spm. 15. Har ikkje høyrt at noko slikt er brukt, korkje før eller no.

13184

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 

Spm. 16. Ja, men den gamlingen som eg spurde om dette ville ingje inn på dette emne. Og eg veit ingje eg meir heller. Sjølv har eg ingje opplevt noko om dette.

Spm. 17.18. Det vanlege var helst å legge ei salmebok under haka, eller også å binde ein duk rundt og oppom hovudet. Ein knyt på augnelokka har eg ingje høyrt om her i bygda.

Spm. 19-20. Eg veit det var mykje vanleg i eldre tid å gå til ~~gr~~ næraste grannen å fortelja om dødsfallet, for liksom å få utløysing for sorga. Men i seinare tid har dette også vorte slutt, iallfall som fast skikk.

Når ein slik starte bortom til grannen og fortalde om dødsfallet gjekk ein i vanlege arbeidsklær. Men når ein gjekk rundt og bad inn til gravferda, då klædde ein seg betre, helst i halvveis helgaklede, og gjekk frå gard til gard, so langt som bedagrenda rokk.

Bodet, både i 1ste og andre høvet var ong= hovudet i familja, mannen sjølv. Var ingje han i live, so den eldste av ~~[illegible]~~ guttane eller ein tenestgut. Sjeldan gjekk hus= mora rundt slik, trur eg.

Spm. 21. Nei, dette veit eg ingje om.

Spm. 22. Det einaste som vart gjort av dette, var å opna glaset (vindauga). Men ingje alltid det heller. Men å henge kvit duk for vindaugo er alltid brukt no. Om ein brukte det i gamal tid veit eg ingje. So langt attende som nokon

13184

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



no veit ein har det altid vori i bruk å henge attfor glaset der den döde ligg.

Spm. 23. Kor lang tid det gjeng för dei flytta liket ut av senga trur eg å kunna seia noksø sikkert for vår bygd at det vart gjort same dagen dei döydde, eller næste dag, dersom det leid på dagen för den sjuke slokna.

Spm. 24. I eldre tid, for ei 40–50 år sidan, når dei laga kistene med seg sjölve heime på gardane, då la dei liket ut or senga og fram på eit bord eller ein lem eller noko liknande, so lenge til kista var ferdug. Då kunne det gå både ~~1 og~~ 1 og 2 dagar för dei la liket i kista. Men ofte i gamal tid, (för 1870–80 åra) hadde dei kista ståande ferdug og då vart liket lagt ned same dagen eller dagen etter.

I seinare tid, (etter 1930) har det meir og meir vorte vanleg å kjöpe kista med svöpe og alt som höyrer til med same dödsfallet er ei röynt, og då legg dei i kista same kvelden. Det vil seia, sjölve handlinga med å leggja liket i kista vert gjort om dagen av husfolket og ein som kan med å svöypa (ei kvinne) hjelper til. Når so kvelden kjem samlast grannar og skyldfolk til ei lita samkome med andakt, bön og ein liten tale og salmesong. ~~Men denne som~~ Dette er det som vert kalla å legge i kista, sjölv om liket er lagt i kista för på dagen.

Og dei som möter fram til denne seremonien er tilsagde anten med telefon,

13184

eller ved bod. Men eg har sjølv vore med på å legge liket i kista i sjølve denne andaktsstunda. Dei hadde altso ikkje lagt ned den døde før på dagen, men gjorde det først når folket var komme til syrgjehuset. Og dette trur eg er den eldste måten å gjera det på.

Sp. 25. Nei, ingen som no lever veit nokro om at liket vart lagt på halm når det vart lagt fram or senga.

Spm. 26. Det er vanskeleg å svara nokro sikkert på dette.
Dei eldste eg har snakka med veit ikkje om at dei hadde halm under liket når det vart lagt fram. Då må ordet om å ligge på likstrå høyra til i eldre tid som ingen no hugsar. Eller og so kjem dette ordtaket av halmen i senga.
Eg torer ikkje ha nokon sikker meining om dette.
Hans B. Osnes i Ulsteinvik (84 år) fortel til meg at han meiner dei la litt halm under liket, når dei la det fram. Men Arne Grimstad (88 år) her frå Hareid kjenner ikkje noko til dette.

Spm. 27–28. Ja, senghalmen vart oftast brent med same, (same dagen eller dagen etter.) Arbeidsklær eller anna som dei og so ville gjera ende på, vart og so ofte brent. Men det kunne og so verta gjort seinare. (Serleg ved smittsam sjukdom.)

Spm. 29. Kjenner ikkje til dette.

13184

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



Spm. 30 – 36. Liket vart stelt nokonlunde med same eller ein heil dag etter döden. Döydde dei om natta vart det stelt dagen etter. Håret vart kjemba og lagt vakkert til. Om håret vart klipt er eg usikker på, men trur ikkje det. Men skjegget vart klipt og stelt, (ikkje barbert), utan kanskje no i seinare tid, men ikkje før i tida.) Neglane har eg ikkje höyrt at dei klipte. Men vaska og turka andletet var vanleg at dei gjorde. Og alt dette var det helst kvinnfolka som tok seg av. Anten nokon som höyrde huset til, eller ei onnor kvinne frå grannelaget som var van med slikt.

~~Spm.~~ Om dei som stelte liket var kledde på ein serskild måte, veit eg ingenting om, anna den vanlege skikk at den som måtte appa, ~~eit~~ eller var frå eit syrgjehus ikkje måtte helst vera kledd i svart, eller ialfall ikkje gå i for mykje ljose sprikjande fargar.

Spm. 37. Nei, kjenner ikkje til dette.

Linklær.

Spm. 38. Dei sa (og seier) „å sveipa" eller „svöypa" liket.

Spm. 39–40. „Drått", „Linvaret" ~~tre~~ tykkjest eg å ha höyrt av gamle folk som no er døde, men det er ikkje i bruk lenger. No seier dei „linblæjä" (helst på dögr eit.) Mest seier dei Linlaken eller sveiplaken.

* I den gamle tida, før 1900 var det ikkje

13184

större enn det sovidt nådde kring liket.
Seinare er det so rikeleg i storleik at det
når ihop både frå hovudenden og frå
fotenden og oppetter. Det rekk dobbelt
saman frå öyst til vest.

Spm. 41. Eg tykkjer eg har höyrt snakk
om dette, at det har vore brukt,
men har ikkje fått noko sikker grein
på det.

Spm. 42. Det vanlege var vel at dei
fekk ligge i dei klær som dei
hadde på seg når döden kom.
Men eg veit om ei gamal kone som
attelita (trega) på at mannen fekk
ei altfor god underbukse med seg i
grava. Men dei skulle ha på seg både
over og underklær, og hoser (strömper)
men ikkje sko.

Spm. 43. I eldre tid hadde dei altid
likskjorta liggande ferdig lenge
för dei döydde, og dei gamle meinte at
den som ikkje var so fyretenkt at
han hadde likskjorta og helst kista
(eller bord til kista) liggande ferdig, den
mannen stelte seg ikkje rett, og var ikkje
fyrebudd som han skulle.
Nokon som brukte brudgomsskjorten
eller brudelinet til likskjorte kan eg
ikkje seia av.
Her kan det passe å skriva ned
fylgjande som eg höyrde fortalt av ein
gamal mann (75 år).
„Ei ung kvinne i 20 års alderen
hadde lenge vore sjuk av tæring og visste
at ho snart skulle döy. So er det eine

13184

dag, då stig ho ut av senga og tek
på seg ~~lin~~ den fotside linskjorta
som ho hadde liggande ferdig.
Stillte seg so framfor spegelen og
ser på seg. Dette var hennar brudelin,
og nokor annor brudeskjorte fekk ho
inkje i dette livet, det visste ho.
Eit gripande vitnemål om ein ungdom som veit ho snart skal seia farvel med livet og alt ho her hadde kjært.
Og dei tankar ho hadde tenkt framfor denne handlinga kan vi berre ana noko lite av.

Men denne hendinga syner oss og so at so seint som i 1906 hadde folket liggande ferdige likklæda, når dei var sikker på utgangen av ein sjukdom.

Spm. 44. Nei, dei var inkje av lin men av Sjerting. Handelsmannen hadde ein serskild stuv som han selde av til likklær.

Spm. 45. Nei, det trur eg inkje. Linskjorta var nesten fotsid.

Spm. 46. Hoser (strömper) skulle dei visst nok ha, men inkje sko.

Spm. 47. Nei, iallfall i seinare tid hadde dei ingenting på hovudet. X)

Spm. 48. I eldre tid pynta dei lika med Mylkerlyng. Men inkje alltid. Det var etter som folket i sorgehuset ville det. Eg har som ei aning om at ungelike vart finare stelte med seint enn dei som var gamle.

Spm. 49–50. Dette er ukjent.

X) Eg hugsar at han gamle Sören Holstad (död 1892) låg i si raude topphue (pikkelhue).

13184

Spm. 51–53. Litt etterkvart utgjennom dette hundradåret, ialfall frå kring 1920 og utetter, vart det vanleg å kjøpa ferdige linklæder, og no er dei noko berre av papir. Ja disse linkladen vert kalla for Svøpa.

Spm. 54. 57. Vi kjenner ingenting til dette no. Har nono slikt vore i bruk her må det lenge vera gløymt.

Spm. 58. Ja, stod ingje kista ferdig, so hadde dei i alfall material liggande i mange år. Peerande bord som dei hadde lagt tilside, ferdig å bruke når det trengdest. Stundom lånte dei borda ut til andre, og då vart dei sjølve iller komme. Men dette er det slutt med for minst 50–60 år sidan.

Spm. 59. Dei gamle og har manna med om dette kan ingje hugse noko anna enn spikar. (Klippespikar.)

Spm 60. Ja, der var stroppar å bera kista etter, desse stroppar kalla dei „Byrelar".

Spm. 61. Oftast var det ein i bygda eller i grannelaget som var snikkar, og han laga kista.

Spm. 62. Ja, kista var altid svart for langt attende og kan hugse, og fargen var „Kjønrik" som dei kjøpte med handelsmannen i byen eller i bygda.

Spm. 63. Snikken å bruka kvitmåla kister kom her til bygdene når dei slutta å laga dei her, men kjøpte dei frå byen. (Kring 1920 og utetter.)

Spm. 64. Nei, åpning i kistelocket kjenner og ikkje til.

Spm. 65. Til underlag i kista var det oftast nytta hövelspon.

Spm. 66. Dette veit eg inkje sikkert, trur det var hövelspon eller anna ongjekt (ull), men i alfall inkje hjamleblad.

Spm. 67. I dei siste 20 åra har det vorte fast skikk å kjöpe kistene frå byen, og dei er altid kvite.

Spm. 68-69. Ingen av dei som no lever har höyrt noko om dette.

Spm. 70.-72. Eg hugsar som barn at dei gjekk opp i ütmarka og skar molbærlyng eller ogso vanleg röss-lyng og batt kransar og la på kista. Men eg hugsar inkje at dei la noko slag i kass. Det var inkje skikk å koma med blomar eller kransar for 50-60 år sidan. Husfolket i syrgjehuset måtte sjölve åleine pynte kista om dei ville ha nokon pynt. Og det var sjeldan kjöpte saker. Dei plukka og skar av det dei fann i mark og fjell og laga ihop det dei ville. Eg har sett svarte kister borne ütor heimen, köyrde på kyrkje-garden og senka i grava ütan så godt som ein einaste blom eller lyngdüsk til pynt. Å strö linfrö rundt kista kjenner eg inkje til. Heller inkje at dei la ei eller anna plante på liket for å halde insekter borte.

Spm. 73. Nei, dette har eg inkje höyrt noko noko om.

Spm. 74. Ja, sjå spm. 24. Dei kalla det „ å leggje i kista.

Spm. 75. Nei, inkje korkje mat eller drikke

13184

so langt attende noken minnest her i bygda, og heller ikkje fest eller dans. Stillt kom folket, og stille sat dei, (men song) og stillt gjekk dei heimatt kvar til seg.

Spm. 76. I den eldre tida når stovehusa var små og dei heller ikkje hadde kjellarar stod noe kista ofte på låven, og so bar dei henne heim i stova gravferdsdagen. Sidan når dei fekk kjellarar under husa stod ho ofte der. Eller i ein liten kove eller eit kammers ned sida av daglegromet.

Spm. 77.78. Stod liket i eit rom som hadde glas (vindaugo) vart dette altid dekt med eit laken og slik stod det til liket vart bore eit gravferdsdagen. Og so var det vanleg å strö lakna eine på golvet. Nokor annor pynting kjende dei ikkje. Stod kista i noko av uthusa eller i kjellaren pynta dei ikkje uten kanskje litt eineströ kring kista. Dette siste veit eg ikkje sikkert. Men tydlegjast minnest det frå barnåra.

Spm. 79.80. Vi kjenner ikkje noko til dette.

Spm. 81. Ja, men ikkje för gravferdsdagen.

Spm. 82. Ja, dette var ein fast og ubrytelig skikk som sa seg sjölv.

Spm. 83.84.85. I vinare tid ligg lokket på, og so tek dei det av når nokon kjem og vil sjå den döde. Men för vart lokket ikkje lagt på

13184

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

før dei var ferdig å fare til kyrkjegarden. Liket låg med ein duk over andlitet. Denne duken var gjer av kvit skjerting, firkanta, pålag 35–40 cm i kvar kant. Dei kalla det berre „kande duken", ingjo talast.

Spm. 86. Ja, det var vanleg skikk å koma og sjå liket, og so born. Men dette er avlagt for det meste no, utan sjölve gravferdsdagen.

Spm. 87. 88. Nei, gravkapell har vi ingje, men i seinare tid har det vorte skikk å köyre kista til kirka, og der vert då tale av presten frå preikestolen, med song og kransepålegging. Men først er det ei andakt i heimen før dei ber kista ut. Men denne skikken er ingje brukt av alle, og ingje i noko höve av dei som bur langt vekk frå kyrkja. Skikken er ny, på dei siste 20–30 år, og helst bruka i dei gravferder der ein ventar mykje folk.

Sorg.

Spm. 89. Ja, det fenne liksom ein stillare tone over seg, iallfall i same romet som liket låg, og på sjölve gravferdsdagen, og den dagen dei la liket i kista.

Spm. 90. Dei stulla som vanleg med sitt daglege arbeid, men noko store arbeid tok dei aldrig til med i denne tida.

Spm. 91. Dette med ei viss syrgjetid var det meir nöye med før enn no. Men enno gjeld syrgjeåret for den som misser ektemaken og tenkjer på å gifta seg oppatt. Er nokon altfor snar på

13184

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 

det i denne sak, so vert det nok
skviskra i krokane likevel i 1957
som i 1870.
Elles kunne ein kanskje renne syrgjetida
til 2–3 månar, men ikkje slik at det
var so serleg synbert.

Spm. 92. Eg veit ikkje noko sirskilt
anna å peika på som ikkje
måtte gjerast enn det som er nemnt
i spm. 91.

Spm. 93. 94. Noko sersild syrgjedrakt
som dei tok på seg berre i
gravferda kan eg ikkje minnast.
Högtidsdrakta (kyrkjeklæda) både hjå
kar og kvinne var i seg sjölv syrgje=
drakt god nok. Alt var svart eller
grått og myrkt for det meste.
Men når dei skulle til eit syrgjehus
so passa dei serleg på at hovud og
halsbunaden ikkje var for mykje ljos
og glorande. ~~Det var~~ dei ~~samt~~
Her var dei nöygne på det.
Seinare har det ofte vorte slik at kvinnene
får seg sydde serskilde svarte kjolar, dei
som er nærast ~~den~~ i slekt med den döde.
Ei serskild syrgjedrakt for enkja var
ikkje brukeleg millom bondefolket her
i vår bygd.

Spm. 95. Eg höyrde ein gong ein gamal
mann sa desse orda om ei ung
enkje som syrgde so hardt: „Ho må
då syrgje som ein kristen!"
Noko anna veit eg ikkje å nemna.

13184

13184

Spm. 96–97. Nei, dette kjenner eg ikkje til.

Synge ut liket.

Spm. 98. Gravferdsdagen har aldrig vore på ein söndag her i bygda, det eg veit om. Ellest tok dei dagen etter som det passa.

Spm. 99. För sa dei altid „gravöl", og „gravölsdag". „Eg skal i „gravöl", eller „gravölsfolket." Enno kan ein höyre dette ordet millom eldre folk. Men dei fleste seier no „begravelse" eller „grav-ferd."

Spm. 101–102. I min barndom var det enno fast skikk å la locket vera av kista, og liket skulle ligge med berrt andlet til dei skulle bera ut. Alle skulle få sjå den döde. Seinare har dette endra seg mykje. Dei legg oftast locket på med same andsatta tik til grav.f. dagen. Men koen som vil får sjå liket.

Spm. 103–108. Nei, det vart ikkje brukt ljos för no i aller seinaste tid, ~~etter siste~~ dei siste 10 åra. Det er ei heilt ny skikk.

Spm. 109–111. Ingen av dei eldste i bygda har visst noko å fortelja om vokenatt over dei döde.

Ei ~~ein~~ gamal ~~kvinne~~ kone som er död for lenge sidan (född kring 1825) fortalde at ho tente nord i Godöya og då var ho med på ei likvoke. Då var ho kring 20 år, altso i 1845. Men som sagt, her i Hareid kan ingen minnast noko slikt no lenger.

13184

~~Førsteblad~~ NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 17

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. | Fylke:
Tilleggsspørsmålnr. | Herad:
Emne: | Bygdelag:
Oppskr. av: | Gard:
(adresse): | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Spm. 112. Nei, gråtekoner er ukjendt.

Spm. 113. Takta i salmane var sein og dragande med dei gamle, men det var ikkje berre i gravferdene men i kyrkjene og. Nokon eigen måte i gravferda veit eg ikkje om.

Spm. 114–116. Presten var sjeldan eller aldrig med i ei gravferd i min barndom (1880-90-1900). Men no er presten alltid med so sant han har høve til det. Dette har vorte vanleg skikk, og meir etterkvart ~~frå umkring 1920~~ dei siste 30–40 år. Før var det stundom ein lærar eller ein annan av grannane eller bygdefolket som styrde med andakta og songen.

Spm. 117–118. Dette kjenner vi ikkje til.

Spm. 119–121. Før var det slik at grannane skulle bera ut liket. Dei næraste av dei ~~syg~~ syrjande skulle vera fri dette, liksom dei og skulle vera fri oppkasting og attkasting av grava.

13184

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING


Slik var det før. No er det helder so at dei næraste, borna etter den døde skal bera båra.

Spm. 122. Ja, altid med fotenden først og dette var dei gamle vögan på

Spm. 123-124. Nei dette er ukjendt.

Spm. 125. Ja, det var vanleg i alle gravferder og man høyrer frå barnsåra, ~~dom~~ at dei strödde hakka eine frå stovedöra, ned trappa og bortetter vegen noksa langt. Bar strödde dei ikkje med, for det hadde dei ikkje.

Spm. 126-127. Dette er ukjent.

Spm. 128-131. Det kom mykje an på kor langt syrjehuset låg frå kyrkjegarden. Men før var det nok helst slik at kvinnene fylgde berre eit lite stykke på veg, og so gjekk berre mannfolka til gravoa, og det var dei menn som høyrde bedlaget til. Tei 7-8 mann til vanleg. Bedlaga var ikkje heile mangmennte. I dei siste 20-30 år har det vorte meir skikk at ogso kvinnene er med ~~til~~ på kyrkjegarden.

Litt omfület vart det vel sett på at likfylgjet var stort i gamle dagar, og heilt fri for den sykja er vi nok ikkje no heller.

Spm. ~~132~~ 133. Nei, til vanleg var det ikkje nokon slik stas.

Spm. 134. 138. Dette med flagging ~~på~~ ved ein gravferd er i grunnen ei ny skikk her. I den første tid eg minnest såg eg ikkje nokon som flagga.

13184

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Fylke:

Tilleggsspørsmålnr. Herad:

Emne: Bygdelag:

Oppskr. av: Gard:

(adresse): G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Og det kom vel helst av at folket hadde ikkje flagg. Men etterkvart kom det meir og meir i bruk etter hundradårsskiftet, og no er det vanleg, iallfall på den garden der gravferda er. Og det kan vera både slekt og venner eller granner som heisar flagget, og altid på halv stang. Når so fylgjet er ferdig på kyrkjegarden og ~~kem~~ kjem att, då skal flagget gå i topp.

Dette med flagget hadde ikkje noko med jordfestinga å gjera. ~~Fyr~~ For 50–60 år sidan vart ikkje jordfestinga gjord av presten før neste preikesøndag etter gravferda. Dei heisa flagget i topp når dei såg folket kom att frå grava.

Dette med flagging først på halv stang, og sidan på heil stang er det ikkje noko endring i no-heller.

~~139~~ Spm. 139–141. Eg hugsar eit barneminne at gravfylgje stogga attmed eit lite gamalt skulehus og song. Noko anna veit eg ikkje om dette.

13184

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 

Spm. 142–144. Dette er ukjent.

Spm. 145–147. Ikkje noko serskilt underlag under kista.
Elles ukjent.

Spm. 148. Ja, ein skulle helst køyre seint og varleg, og ein måtte ikkje i noko høve syne jag eller hastverk.

Spm. 149. På heimvegen køyrde dei meir som vanleg. Då var det som ei tyngsel var fare av folket. Alt var ljosare og lettare. Men kappkøyring var det ikkje det og veit.

Spm. 150–152. Helst var det mannen på garden sjølv som køyrde. Var ikkje han ilive so ein av sønene (den eldste) Hadde han ingen søner so var det ein av grannane. Køyraren gjekk ved sida av likvogna. Nokon serskilde songar er ukjent her.

Spm. 153. Der dei ikkje kunne bruke korkje båt eller køyrety bar 4 mann kista. Lingser på 2 kistar er ukjent her.

Spm. 154–155. Nei, dette er det ingen som veit noko om her i bygda.

På kyrkjegarden.

Spm. 156. Oftast var det slik at grannane og eller nokon av ætta skulle bere kista både ut stova heime og lyfte henne av vogna og bere henne inn på kyrkjegarden. Dette høyrde som noko sjølsagt grannane (bearlaget) til. Kista vart sett på graskanten, og nokon planke eller anna som dei sette kista på.

13184

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 21

~~Førsteblad~~

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.: Fylke:

Tilleggsspørsmålnr. Herad:

Emne: Bygdelag:

Oppskr. av: Gard:

(adresse): G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

brukte dei inkje.

Spm. 157-158. Nokon båre har eg inkje sett

Men gjunse andre reidskapa som dei trengde til grava var der i kyrkja. Spadar, hakkar, tog o.a. Det høyrde kyrkja til.

Spm. 159. Sjå spm. 156.

Spm. 160 – Nei, det er ukjent.

Spm. 161. Nei, presten var nesten aldrig med i ei gravferd før i tida.

Spm. 162-165. Nei, dette er ukjent. Dei bar inkje kistene inn i kyrkja eller rundt henne. Heller inkje song dei før dei senka kista ned i grava. Og inkje bar dei kista rundt grava.

Spm. 166. Ja, når dei hadde jamna over grava ringde dei med klokkene, og då song dei, før dei tok på heimveg.

Men dei skulle også ringe med klokka før fylgjet kom til kyrkje-garden. Dei hadde den skikken at nokon av gravfylgjet gjekk fort til kyrkja, slik at dei kunne ta mot likfylgjet med klokkeklang ei god stund før dei kom

13184

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



fram til kyrkjegardsporten.

Spm. 167. Kring 1940 fekk vi fast gravar i vår bygd.

Spm. 168. Nei, noko serskilt namn på gravaren har vi ikkje.

Spm. 169. För vi fekk fast gravar var det grannane (bearlaget), altso mennene der, som kasta opp grava, dagen fö gravferda. Og dei kasta att og.

Spm. 170. Nei, etter vi fekk gravar er det ogso han som kastar att.

Spm. 171. Dette har eg aldri höyrt eller sett. Jordfesting med det same var det sjeldan eller aldri för i tida.

Spm. 172. Det var ei kyrkjeleg ordning som skulle stadfeste den kristne tradisjon. Ein hedning kunne ligge i ei grav utan jordfesting, men aldri eit kriste menneskje.

„Av jord er du komen, til jord skal du verta, men av jordi skal du etter standa upp."

Spm. 173. Dei sette altid med på kista eit firkanta röyr av bord. Ved jordfestinga kasta dei 3 skufler jord ned gjennom dette röyret. Det hadde 2 tverstenger i övste endan til å rykke det opp. På lag sein såg det ut:



Spm. 174. Gravene vart svært lite stelte og pynta i eldre tid. Dei grodde fort att og vart berre nokre mosehaugar. Dei fleste hadde ikkje noko merke på gravene före 1880 åra. Men so vart det skikk med trekrossar eller ogso av jarn. Blomar elle

13184

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. | Fylke:
Tilleggsspørsmålnr. | Herad:
Emne: | Bygdelag:
Oppskr. av: | Gard:
(adresse): | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

anna pynt hadde dei inkje skyn for.
Spm. 175. No vert gravinne leia stelte og pynta jamt over. Dette vert helst gjort framfor dei store høgtidene Jul, Påske og Pinse. (Inkje med ljos og julitre.)

## Serlege Tilfelle.

Spm. 176 – 181. Dei sjølvmordar i dag, (og slik har det vore lenge) får akkurat same vyrdnad og dei same seremoniar som andre. Der er ingen skilnad. Men i gamal tid var det inkje slik. Eg har høyrt av gamle folk noko om at dei som tok sitt eige liv vart gravlagde tett utfor kyrkjegardsmuren. Men so seint som i 1890 åra fekk dei ligge tett innfor muren borte i ei krå, for seg sjølv åleine. Korleis dei vart stelte med liksklær og anna, veit eg inkje.

Om dei bar kista gjennom porten eller lyfte henne over muren veit eg inkje. Noko om liksleden har eg inkje høyrt.

So langt attende som dei eldste folk no kan minnast låg gravane åt seine som

13184

tok sitt eige liv borte; i eller anna kvå på kyrkjegarden. Har nokon av desse vorte gravlagde utanfor muren, so er det i alfall minst 70–80 år sidan det har hendt her i bygda.

So langt attende som nokon kan minnast har lika av udøypte og for tidleg fødde born vorte lagde med saman med andre lik i grava. Dei brukte då ofte å sleppe dei ned gjennom røyret som skulle brukast ved gordfestinga.

Har ikkje høyrt om nokon som sette dei inn i kyrkjemuren.

Gravøl.

Spm. 182. Før var det berre ordet graveøl som var brukt. No er ordet begravelse eller gravferd mest brukt, men graveøl høyrer ein ogso ofte av eldre folk.

Spm. 183. Det var helst husbonden sjølv som skulle gå og be inn til ei gravferd, anten han var ung eller gamal. Fast bedemann var her ikkje. (Sjå spm. 20)

Spm. 184. Dei bad gjerne i litt større omkrins til eit brudlaup enn til ei gravferd. Lineins var grensene for bedarlaget til gravøla liksom fastare. Til eit brudlaup heldt dei ikkje so nøye på desse grensene.

Spm. 185. Bedemannen skulle vera sømmeleg klædd, og helst ikkje gå i kvardagsklæda. Elles ikkje noko anna.

Spm. 186–189. Bedemannen førde seg alltid stillt og roleg og utan noko bråk, slik det sømde seg der døden var ~~gjest~~ komen inn i huset.

13184

~~Førsteblad~~ NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne :

Oppskr. av :

(adresse) :

Fylke :

Herad :

Bygdelag :

Gard :

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn : (ta også med alder, heimstad, yrke) :

SVAR

Innbydinga slik som eg hugsar henne frå det fyrste og minnst, lydde ord på lag slik: „Dokke må gjera vel og koma borti garden" til oss torsdag, oss skal til jorda med henne mor. Dokke må koma alle både store og små."

Beamannen skulle <u>ikkje</u> „beværtast". Beabrev var det <u>ikkje</u> skikk å senda.

<u>Spm. 190–192.</u> So langt attende som nokon no veit har ikkje eit gravøl vara meir enn 1 dag. Men nære slektningar som budde langt borte kunne koma kvelden føreåt. Til vanleg var 2 mål, eit før dei tok til med andakta om morgonen, og eit mål med same dei kom att frå kyrkjegarden. Om nokon mat som ikkje kunde nyttast, kjenner eg ikkje til.

<u>Spm. 193.</u> Nei, eg minnes at det var ingen skilnad på maten. I mi barndom var det kaffi og kaker, kakene var kjøpebrød (stompa) om morgonen, og <u>alltid</u> graut til middag av risengryn eller kveitemjøl.

Eingong i ei gravferd åt ei ung ugift kvinne hugsar eg at ein av gravmennene sa desse orda:

13184

Utfylling til spm. 1.

Hundehyling galdt for døds=
varsel både i gamal tid og lenge
fram mot vår tid.
Knapt nok om alle har fria
seg frå dei tankane den dag i dag.

~~Førsteblad~~ **NORSK ETNOLOGISK GRANSKING** 26

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke :

Tilleggsspørsmålnr.

Herad :

Emne :

Bygdelag :

Oppskr. av :

Gard :

(adresse) :

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn : (ta også med alder, heimstad, yrke) :

SVAR

~~Spm. 142. 144. Dette er ukjent.~~

„Ja dette er brudegrauten hennar Petra".

Spm. 194. Nei, ofte hjelpte slekta til.

Spm. 195. Ja, helst det, ialfall dei som var innanfor bearlaget.

Spm. 196. 201. So langt attende som nokon her kan minnast hadde dei sendingane med seg same dagen. Sendingar som vart sende dagen i förvegen kan eg inkje seia noko om. Dette med sendingar til gravöl på garden veit eg i det heile lite og inkje om. Det var slutt med dette för 1890. Men sendingar til brudlaupa heldt seg lenger. I annan tid, frå 1920 eller kanskje før, vart det slutt med förste målet. Det vart berre 1 mål mat dei som åt frå kyrkjegarden. Men so har også dette målet vorte meir og meir feitt med smörbröd og ~~[illegible]~~ blötekaker og pålegg av alle slag.

Spm. 202. Alkohol: gravöl var det slutt med her lenge för mi tid. Ingen brukar det, eller har brukt det i gravöla so langt attende nokon veit.

13184

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



Spm. 203. Brygging og anna alkoholbruk og likeeins sendingar heldt seg lenger i brudlaupa enn i gravøla her med oss.

Spm. 204–209. Eg trur det var heilt slutt med sendingane før dei tok til med å sende kransar. Eg trur der var ei kort overgangstid kring 1900–1910, og kanskje i slutten av 1890 åra og, at dei ingenting hadde med seg til syrgjehuset. Kanskje kjøpte dei og tok med seg ei „tekake" frå bakaren. Eller dei laga ein krans av tyttebærlyng og anna som dei plukka.

Men so kom skikka litt etter litt med kjøpte kransar anten frå byen eller nokon i bygda som ördde seg opp og dreiv det som ei næring. Frå 1910 og utetter auka dette på og særleg etter 1930.

Silkeband med påskrift er ogso vanleg i seinare tid, heilt frå kring 1920.

Mange av kransane vert ogso kasta ned i grava på kista.

Etter at grava er att[kasta] vert ho dekt med kransar som ligg der lenge. Lid frå ei tid når alt er visna og stygt, då samlar gravaren ihop alt og kastar det i ein haug avsides ein stad.

Spm. 210–211. Det er no altid berre 1 måltid, og det er med same ein kjem att frå kyrkjegarden. Og desse måla har tendens til å verta flottare og flottare i dei siste åra. Men aldri alkohol. No i siste tid brukar ein mykje hotella til desse måla ogso her i bygda.

Spm. 212. Å lysa dödsfalla ut i avisene har auka på meir og meir frå kring 1910–15, men mest frå kring 1930 og utetter.

13184